

**Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019**

**Mark Taylor (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Endring til kapittel 1.3 andre avsnitt

Endre denne setninga:

I vurderinga av om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet.

til denne setninga:

Når ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen stille konkrete klimakrav til selskapet;»

**Frank Willy Djuvik (FRP)** sette fram slikt forslag:

(a) «Tillegg til kapittel 1.3 første avsnitt

Ei risikovurdering før aksjekjøp eller aksjeteikning skal minimum innehalde vurdering av finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarer å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, samt risiko for negativ påverknad på miljø og klima.»

(b) «Tillegg

Fylkestinget syner til styret i Skyttel AS sitt framlegg om å endre §2 i vedtekten, og ber eigarrepresentanten om å stemme imot endring av føremålet for selskapet. Fylkestinget føreset at Skyttel AS skal drive med verksemd relatert til bompengetenester og ikkje ta finansiell og kommersiell risiko innan andre områder.»

**Anders Hamre Sveen (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt

Fylkestinget legg til grunn at ILO-konvensjon 94 og arbeids-/lønvilkår som ikkje er därlegare enn det som følgjer av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkomande stad og yrke, skal gjelde i dei selskap og føretak der fylkeskommunen har eigarskap.»

**Morten Klementsen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt

Da Vestland Fylkeskommune er medlemmer i Transparency International Norge, skal kommunenes antikorrosjonshåndbok og TIN sine råd følges.»

**Tor André Ljosland (Krf)** sette på vegner av KrF, Sp og A fram slik protokollmerknad:

«Partiene vil vurdere forslaget rundt Skyttel knytt til den ordinære behandlingen av eiermeldingen.»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slik protokollmerknad:

«Arbeiderpartiet og Venstre vil ikke støtte tilleggsforslaget til Rødt i denne omgang, men vil ta dette med i det videre arbeidet med Eierskapsmeldingen frem mot varslet sak over nyttår.»

**Avrøysting**

Djuvik sitt forslag (a) fekk 34 røyster (R, Frp, MDG, V, Krf, H, SV) og vart vedteke.

Djuvik sitt forslag (b) fekk 27 røyster (Frp, H, R, FNB, PP) og fall.

Taylor sitt forslag fekk 27 røyster (R, MDG, SV, A, V) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hamre Sveen sitt forslag fekk 6 røyster (R, SV) og fall.

Klementsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2019 Del I om eigarpolitikk slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek Eigarskapsmelding 2019 Del II til vitande.
3. Fylkestinget vedtek å vidareføre medlemskap i samvirkeføretak.
4. Fylkestinget gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks om å røyste for alle formelle endringar hjå selskapa på komande generalforsamlingar og møte i liknande eigarorgan, t.d. namneendringar, som kjem som ei direkte følgje av kommune- og regionreforma.
5. Tillegg til kapittel 1.3 første avsnitt

Ei risikovurdering før aksjekjøp eller aksjeteikning skal minimum innehalde vurdering av finansiell risiko, risiko for at selskapet ikke klarer å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, samt risiko for negativ påverknad på miljø og klima

6. Da Vestland Fylkeskommune er medlemmer i Transparency International Norge, skal kommunenes antikorrosjonshåndbok og TIN sine råd følges.

## Protokollmerknad frå KrF, Sp og A

Partiene vil vurdere forslaget rundt Skyttel knytt til den ordinære behandlingen av eiermeldingen.

## Protokollmerknad frå A, KrF og Sp:

Arbeiderpartiet og Venstre vil ikke støtte tilleggsforslaget til Rødt i denne omgang, men vil ta dette med i det videre arbeidet med Eierskapsmeldingen frem mot varslet sak over nyttår.